

Sande Kommune
Kommunestyret
6085 Larsnes

Prosjekt for ny gymnastikksal ved Gjerdsvika Oppvekstsenter

Viser til samtale og sender med dette over resultatet av prosjektet som arbeidsgruppa for den nye gymsalen ved oppvekstsenteret i Gjerdsvika har utarbeidd.

Viser også til at ein er beden om av administrasjonen i Sande Kommune å kome med eit opplegg for ei intern prioritering utført av idrettsrådet i Sande Kommune. Til det er å seie at ein her i beste fall må ha misoppfatta kvarandre då det ikkje er snakk om ein idrettshall i Gjerdsvika. Prosjektgruppa har, tilliks med alle dei signala som har kome det siste året, fokusert på ei minimumsløysing med gymnastikksal – noko som gjennom tidene har vore dugande for alle andre bygder i Sande kommune. Sidan det her ikkje er tale om eit anlegg som treng statlege tippemidlar, treng ein difor heller ikkje noko form for prioritering frå idrettsrådet i kommuna. Prosjektgruppa stiller seg positive til planane om idrettshallar i kring, men vil poengtere at den nye gymsalen i Gjerdsvika må uansett kome før andre større anlegg vert utvida/anlagt med kommunal støtte.

Uansett har det kome politiske føringar der ein bed administrasjonen greie ut saka om auka innandørs areal for fysisk fostring i kommuna. I denne samanhengen har eit sett trongen for at bygda tek på seg den kommunale rolla som utbyggingspådrivar for eit 100% kommunalt bygg. Ny gymsal i Gjerdsvika har vore på det kommunale budsjett i altfor mange år. Løyvingar har blitt skuva og kutta og det er no eit rungande krav frå bygda der det vert sagt at ein ikkje finn seg lenger i å bli forbigått i høve denne saka. Det er naudsynt å minne om at Gjerdsvika er ein stad i vekst som har eit ekspansivt næringsliv med planar om store investeringar i tida framover. Ein bed om at dette vert lagt merke til og at ein frå kommunalt hald gjer dei tinga som skal til for snarast å realisere gymsalen i bygda.

I høve til vedlagt prosjekt, krev ein at Sande Kommune gjennomfører bygginga av gymnastikksalen ved Gjerdsvika Oppvekstsenter.

Gjerdsvika 9.august 2007

Arbeidsgruppa for ny gymnastikksal i Gjerdsvika

Elisabeth Slettstøl – FAU
Vidar Gjerde – Gjerdsvika Idrettslag
Mathias Gjerde – Gjerdsvika Næringsutvikling
Bente Krumsvik – Gjerdsvika kulturlag

Prosjekt - ny gymnastikksal

Gjerdsvika

oppvekstsenter

Prosjektet er utarbeida av arbeidsgruppa for ny gymnastikksal ved Gjerdsvika Oppvekstsenter representert ved:

Foreldre arbeids Utvalet (FAU) ved Gjerdsvika Oppvekstsenter
Gjerdsvika Idrettslag
Gjerdsvika Næringsutvikling
Gjerdsvika Kulturlag

Bakgrunn

Prosjektet ny gymnastikksal ved Gjerdsvika Oppvekstsenteret har stått høgt prioritert i mange år i Sande kommune. Bakgrunnen er at eksisterande fasilitetar ikkje på nokon måte kan seiast å ha dei kvalitetar som dekker krava til innandørs fysisk fostring. I tillegg til det avgrensa arealet, er der truleg ei samling muggsopp i lokalet. Dette ved at elevar med asmatiske tendensar ikkje kan opphalde seg der. Lærarane kvir seg også for å ta med seg elevane i gymsalen då der ikkje er garderobe-moglegheiter eller tilgang til toalett.

Gjerdsvika oppvekstsenter har etter moderniseringa i 2005 delvis blitt ein svært attraktiv skule/barnehage. Både ute- og innefasilitetane er av høveleg kvalitet og der er difor eit stort behov for å ta den siste store oppjusteringa, slik at skule kan seiast å vere tilfredstillande.

Gjerdsvika er, i motsetning til mange andre småbygder i kring, ei bygd i vekst. Det vert stadig investert og skapt ny verksemdar og med det nye arbeidsplassar. Næringslivet i bygda er stadig på jakt etter kvalifiserte arbeidstakarar og desse opplever mangelen på gymnastikksal som tyngjande i arbeidet med å freiste folk i å slå seg ned i bygda.

Det er difor svært stor trong om ei snarleg realisering av ein ny gymnastikksal i Gjerdsvika. Arbeidsgruppa har difor sett seg som mål å kome opp med eit prosjekt som dekker behovet for fysisk fostring, tilliks med det som eksisterer i dag rundt i kring i andre bygder i Sande Kommune. Arealet i desse salane er, som ein veit, definert som eit minimum for å kunne avvikle gymrelaterte innandørsaktivitetar.

Gjerdsvika Idrettslag har i alle år brukt gymsalen i Gursken til trening vinterhalvåret. Dette er med på å presse kapasiteten der og ein ny gymsal i Gjerdsvika vil frigjere tid til Gursken sine egne behov. Ein gymsal i Gjerdsvika vil også vere med på å fremje allsidigheit. Å få mulegheita til å gi innbyggjarane andre tilbod enn fotball vil fremje idrettsglede og rekruttere fleire til idrettslaget. Sjå elles prosjektmåla for saka.

Alle er kjend med den høge kulturelle aktiviteten som fins i bygda. Ein slikt bygg vil vere med på å støtte opp om og gjere det muleg å oppmuntre til vidare utvikling av kulturlivet her.

Ein legg med dette fram eit forslag til plassering, omfang og kostnadar til realisering og reknar med det at arbeidet som er gjort fører til at den nye gymnastikksalen ved oppvekstsenteret står klar om svært kort tid sidan dette er eit kommunalt ansvar å syte for denne salen.

Arbeidsgruppa bed om å bli teken med på det vidare arbeidet og bli fortløpande haldne orientert om endringar i status i høve auke av budsjett og liknande.

Prosjektmål for ny gymsal i Gjerdsvika

- Legge til rette for positiv skulegang med auka vekt på fysisk aktivitet
- Oppnå mestring og sosial kompetanse
- Førebygge psykiske problemar
- Kompetanseheving på området fysisk aktivitet
- Auke samhandlinga mellom skule og nærmiljø, spesielt idrettslag
- Gje dei unge ansvar og øving i å organisere
- Auke den fysiske aktiviteten spesielt for dei som ikkje driv idrettsaktivitetar
- Bruke dei unge sin kompetanse til å rettleie andre elevar
- Utvikle lavterskeltilbud til elevar som til vanleg er lite aktive

Teknisk omfang

Ein har vald å fokusere prosjektet knytta til ein sal på kring 20 X10 meter og med tilhøyrande garderobeanlegg. Hovedentreprise er henta inn frå Måløy Bygg AS / Stryn Betongelement AS

Bygg

Byggtype:	Spennbetong
Eksterne mål:	14x20 m
Høgde:	5 m
Isolasjon:	570 mm m/200 isol.
Tak:	Decra
Gavler:	Liggande kledning
Vinduer:	Inkl.
Dører:	Inkl.
Fundament:	Inkl.
Isolasjon gulv:	Inkl.
Innv. Gulv:	Sportsgolv
Dusjvegger:	Inkl.
Toalettvegger:	Inkl.
Listverk:	Inkl.
Trapp:	Inkl.

VVS

4	Golvmontert toalett
3	Veggmontert servanter
9	Slukar
1	Brannskap
1	Sentralblander
8	Dusjpanel (antilegionella modell)
8	Rørfordelere
1	Varmvatntank
1	Vatninntak
1	Botnledning
2	Sluk for overvatn på tak
1	Rørøpplagg innv. isolasjon

Graving

Dette vil innbefatte bortkøyring av ca. m3 masse. Sålen skal vere klar til støyping

El. Opplegg

Spesifikasjon vert oppdatert seinare. Kostnader er estimerte.

Plassering

Gymnastikksalen er tenkt plassert i bakken nordaust for eksisterande skuleanlegg. Den nybygde ballbingen då ligge i omtrent same høgda og ein vil kunne nytte tilkomstvegen til denne også til gymsalen. Slik skuleområdet har utvikla seg dei seinare åra, vil arbeidsgruppa peike på at dette er den beste og mest naturlege plasseringa for gymsalen. Vedlagt ligg to kart (1:2000 & 1:500) som viser plasseringa av den nye salen.

Kostnadsoverslag

Bygg	Kr.	723.155,-
Innreiing	Kr.	1.650.000,-
VVS	Kr.	310.000,-
Grunnarbeid	Kr.	400.000,-
El-opplegg	Kr.	200.000,-
Sum	Kr.	3.283.155,-


Teikningar

Vedlagt finn ein teikningar i 1:50 som viser bygget slik det er tenkt realisert


Vedlegg

1. Teikning gymsal
2. Plassering kart (1:2000)
3. Plassering kart (1:500)
4. Skriv frå FAU Gjerdsvika Oppvekstsenter
5. Skriv frå Gjerdsvika Idrettslag
6. Skriv frå Gjerdsvika Næringslag
7. Skriv frå Gjerdsvika Kulturlag




	Sunnmørs- kart
Målestokk	1:2 000
Utskriftsdato	30.07.2007
Karttype	Grunnkart





2



- DOKKUMENTASJONSTENNING
- AMBUSJESTENNING
- TILBUDSTENNING
- VEILEDNINGSTENNING
- FORBEREDELINGSTENNING

Objekt	Prosjekt	Oppdrag	Blad
GYMSAL	GYMSAL	103	103
SB KONSULENT AV KONSTRUKSJON Stryn Betongelement as <small>1789 STRYN - 7424 82 00 - 7424 82 01 - 7424 82 02 - 7424 82 03 - 7424 82 04 - 7424 82 05 - 7424 82 06 - 7424 82 07 - 7424 82 08 - 7424 82 09 - 7424 82 10 - 7424 82 11 - 7424 82 12 - 7424 82 13 - 7424 82 14 - 7424 82 15 - 7424 82 16 - 7424 82 17 - 7424 82 18 - 7424 82 19 - 7424 82 20 - 7424 82 21 - 7424 82 22 - 7424 82 23 - 7424 82 24 - 7424 82 25 - 7424 82 26 - 7424 82 27 - 7424 82 28 - 7424 82 29 - 7424 82 30 - 7424 82 31 - 7424 82 32 - 7424 82 33 - 7424 82 34 - 7424 82 35 - 7424 82 36 - 7424 82 37 - 7424 82 38 - 7424 82 39 - 7424 82 40 - 7424 82 41 - 7424 82 42 - 7424 82 43 - 7424 82 44 - 7424 82 45 - 7424 82 46 - 7424 82 47 - 7424 82 48 - 7424 82 49 - 7424 82 50 - 7424 82 51 - 7424 82 52 - 7424 82 53 - 7424 82 54 - 7424 82 55 - 7424 82 56 - 7424 82 57 - 7424 82 58 - 7424 82 59 - 7424 82 60 - 7424 82 61 - 7424 82 62 - 7424 82 63 - 7424 82 64 - 7424 82 65 - 7424 82 66 - 7424 82 67 - 7424 82 68 - 7424 82 69 - 7424 82 70 - 7424 82 71 - 7424 82 72 - 7424 82 73 - 7424 82 74 - 7424 82 75 - 7424 82 76 - 7424 82 77 - 7424 82 78 - 7424 82 79 - 7424 82 80 - 7424 82 81 - 7424 82 82 - 7424 82 83 - 7424 82 84 - 7424 82 85 - 7424 82 86 - 7424 82 87 - 7424 82 88 - 7424 82 89 - 7424 82 90 - 7424 82 91 - 7424 82 92 - 7424 82 93 - 7424 82 94 - 7424 82 95 - 7424 82 96 - 7424 82 97 - 7424 82 98 - 7424 82 99 - 7424 82 100</small>			

**Sande kommune
Oppvekst og kultur-etaten
6085 Larsnes**

VEDLEGG TIL GYMSAL-SAKA I GJERDSVIKA

I fleire år har vi lest og høyrte om Nasjonale føringar og satsingsområde der det er lagt vekt på å auke den fysiske aktiviteten blant barn og unge.

I Gjerdsvika har vi også hatt dette fokuset. Vi bur i ei bygd som har både fjell og fjøre nær, som vi nyttar oss av.

Vi er heldige og har ein flott skule med ballbinge som er mykje brukt i skuletid og fritid. I bygda har ein også tilgang på grasbane til fotball-spel og andre aktivitetar.

Lærarar og tilsette i skulen er flinke til å ta borna med ut. I friminutta vert det ofte lagt opp til fysisk aktivitet der borna deltek. Kvar veke har elevane ein dag med ute-skule. Dette er noko vi foreldre er takknemlige for.

Som kjent er Gjerdsvika også begava med mykje ver. –Mykje dårleg ver i perioder. I desse periodene er det naudsynt å trekkje aktivitetane innandørs, -i ein gymsal.

På dette område har vi i mange år funne oss i forhold som ikkje er tilfredsstillande.

Dagens gymsal i Gjerdsvika er fortsatt den same som for fleire tiår sidan.

Størrelsen er ikkje tilfredsstillande ifht til den fysiske utfoldelsen vil ha.

Gymsalen med utstyr tilfredsstillar ikkje dagens krav om sikkerhet.

Gymsalen har ikkje tilfredsstillande garderobe og mangler toalett.

I garderobe og dusj er det utprega lukt av mugg. Vi kan ikkje akseptere at til dømes astmatiske born oppheld seg i gymsalen og dens garderobe.

Dei seinare år har ein ved fleire høve sett mus og andre uønska småkryp i gymsalen.

Manglande ventilasjon. Vanskeleg temperatur-regulering, isolasjon?

Tilkomsten kan ein stille spørsmål om den er trygg nok, når ein veit at 6-åringar oftast åleine må ta turen rundt hushjørnet (3m frå trafikert veg) og opp til skulen ved evt toalettbesøk i gymtimen.

Det har ved fleire høve vore fremma krav om ein skikkeleg gymsal til skulen i bygda. Det har hittil vore nyttelaust. Det er fortsatt eit reelt behov.

No vil vi foreldre igjen minne om at vi fortsatt vil det beste for borna også i Gjerdsvika. Det er viktig for oss å arbeide for tilfredsstillande forhold slik ein på alle område kan imøtekome dagens satsing på auka fysisk aktivitet, som ein i Kunnskapsløftet er pålagt.

FAU ved Gjerdsvika oppvekstsenter
Asbjørg M. Ulvund (leiar)
Hege Stormbringer
Jonna Lise Gjerde

Roy Muren
Elisabeth S.Slettstøl

11. august 2007

BEHOVET FOR GYMSAL I GJERDSVIKA

Gjerdsvika Idrettslag har sidan tidleg på 1980-talet arbeidd for å få bygd ein tenleg gymsal ved Gjerdsvika skule. For å sikre areal til ein slik sal, kjøpte idrettslaget eit jordstykke ved skulen av grunneigar Hjalmar Gjerde. Seinare har dette arealet vorte brukt til ballbinge og anlegg ved barnehagen/skulen, men vilkåret var at det ikkje måtte sperre for ein framtidig gymsal ved skulen.

For Gjerdsvika Idrettslag er det eit akutt behov å få ein gymsal i bygda. Folket i Gjerdsvika er dei einaste i Sande kommune utan eit funksjonelt innandørs tilbod, og når vi skriv 2007 er det altfor dårleg at eit slikt tilbod endå ikkje er på plass. I praksis har ikkje folket i Gjerdsvika eit idretts- og trimtilbod store deler av hausten og vinteren ettersom det ikkje er innandørs mulegheiter.

Idrettslaget sine medlemar må i dag til Gursken for å få eit innandørs tilbod. Det er ofte praktisk vanskeleg å organisere transport til og frå Gursken, i tillegg til at det er vanskeleg å få tider på høvelege tidspunkt.

For idrettslaget vil ein innandørs sal stette behovet for A-laget for herrar i fotball, for damelaget i fotball, for tre-fire aldersbestemte lag, for trimgruppa og for idrettsskulen. I tillegg kjem mulegheitene for meir individuell og uorganisert trening. Totalt vil det vere rundt 100 av idrettslaget sine medlemar som kjem til å nytte gymsalen relativt ofte.

Med helsing

Kjetil Haanes
- styremedlem i GIL

Telefon: 90201234
Epost: kjetil.haanen@nj.no

Sande Kommune
6084 Larsnes

Gjerdsvika Næringsutvikling
6083 Gjerdsvika

Gjerdsvika 9.august 2007

Realisering av ny gymnastikksal ved Gjerdsvika skule

Gjerdsvika Næringsutvikling er ei interesseforeining for næringsdrivande i Gjerdsvika. Medlemsmassa består av ulike verksemdar med ei spennvidde som strekkjer seg frå rederiverksemd, sjømat, rørlegging, mekanisk verksemd, automasjon og entreprenørverksemd. Dette gjer at ein med sine vel 400 innbyggjarar står sterkt rusta når det gjeld arbeidsplassar, eksisterande og framtidige investeringar. Dei siste 10 åra har ein opplevd ei massiv investering i verksemdar i bygda. Dette vil trygge bygda i tida framover. Det kan nemnast at det i løpet av det inneverande året kjem til å bli i gangsett bygging av to nye industri/kontorlokaler i Gjerdsvika for ikkje uvesentlege summar.

Gjerdsvika Næringsutvikling sine medlemmar er i disse dagar ute etter å auke talet på tilsette og ein er svært avhengig av ein brukandes infrastruktur innafor skuleverk, barnehage, butikk og fritid – slik at bygda vert opplevd som attraktiv for folk både som bu- og arbeidsplass.

Gjerdsvika Næringsutvikling har i sine samtalar med Sande kommune det siste året lagt vekt på at det frå kommunalt hald må igangsettast ein ny gymnastikksal ved Gjerdsvika Skule. Ein finn det difor svært lett å støtte det arbeidet som prosjektgruppa har lagt fram.

Gjerdsvika Næringsutvikling krev at Sande Kommune no realiserer ein ny gymsal ved Gjerdsvika Skule.

Med helsing
Gjerdsvika Næringsutvikling

Roger Gjerde
Formann
(sign)

Gjerdsvika kulturlag

v/Veronika Bonaa

6083 Gjerdsvika

09.08.07

Sande kommune

Oppvekstetaten

6084 Larsnes

I høve planar om gymsal i Gjerdsvika

Gjerdsvika kulturlag stiller seg bak kravet om å få gymsal i Gjerdsvika. I kulturlaget er vi opptekne av å skape trivsel for alle innbyggjarane i bygda, og ein velfungerande gymsal vil vere eit viktig tilskot for å skape slik trivsel. Idrett er dessutan kultur i seg sjølv, og vi meiner at ein gymsal vil vere med å styrkje kulturlivet i bygda. Kulturlaget ser også moglegheiter til å bruke salen til ulike kulturelle tilskipingar, både i vår eigen og andres regi, og vi er sikre på at salen vil føre til auka kulturell aktivitet både i Gjerdsvika og i kommunen elles, ikkje minst for born og unge.

Vi meiner det er på høg tid at eit slikt tilbod kjem på plass, og krev at Sande kommune snarast prioriterer bygging av gymsal i Gjerdsvika.

Veronika Bonaa

Leiar, Gjerdsvika kulturlag